



Veteranane under leiing av Gunvor Myklebust er klare for ein ny sesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det var god deltaking i siste sesong og eg reknar med at dei som var med då kjem att no i haust. Det seier leiar av Uskedalen Turngruppe Hege Lekva framfor sesongstarten som er måndag kveld i Aktivitetshuset. Først ut er step-gruppa og på onsdag kjem dei andre i tur og orden med unnatak av seniorane. Dei har sesongstart 13. september, fortel Gunvor Myklebust til uskedalen.no.

Hennar gruppe startar først på onsdagane og så kjem i rekkefylgje barnetrim (frå tre til fem år), idrettsskule (frå første til fjerde klasse), aerobic (frå fjerde til sjetten klasse) og aerobic for vaksne. Det går i eitt frå klokka fire til kvart over ni.

Leiar Hege Lekva er har ikkje hatt noko problem med å skaffe instruktørar, dei som var i aksjon i førre sesongen held fram.

Aerobic-veteranen Astrid Haugland har ynskje om å gje seg, men det har ennå ikkje lukkast å skaffa nokon erstattar og ho difor sagt seg viljug til å halda på fram til jul.

- Men det er fint viss det melder seg ein erstattar snarast råd, seier Hege Lekva.